

LINDÅS KOMMUNE

DETALJREGULERING - REGULERINGSFØRESEGNER FOR Gnr. 137, bnr. 325 og 469 m. fl. ALVER NÄRINGSOMRÅDE jf. plan- og bygningslova (PBL) § 12-7.

Saksnummer: 15/4127

Plan id.: 1263_201206

Godkjent i kommunestyret: 06.04.2017, sak 029/17

Dato sist revidert: 17.11.2017

§ 1 GENERELT

§ 1.1 Det regulerte område er vist på plankart i mål 1:1000, dagsatt den 17.11.2017

§ 1.2 Planområde skal nyttast til følgjande føremål:

1. Bygg og anlegg
(PBL-08 § 12-5 ledd nr. 1)
 - Næring
2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL-08 § 12-5, ledd nr. 2)
 - Kjøreveg
 - Anna veggrunn - tekniske anlegg
 - Anna veggrunn - grøntareal
3. Grønstruktur
(PBL-08 § 12-5 ledd nr. 3)
 - Vegetasjonsskjerm
4. Omsynssone
(PBL-08 § 12-6 jf. § 11-8)
Sikrings-, støy og faresoner
 - Frisiktzone ved veg
 - Faresone høgspentanlegg

§ 1.3 Eigarform:

1.3.1 Felles areal

Følgjande areal er fellesareal

- Kjøreveg f_SKV1-f_SKV5
- Anna veggrunn - tekniske anlegg f_SVT

§ 2 FELLESFØRESEGNER

§ 2.1 Byggegrenser

2.1.1 Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa. Der det ikke er byggegrenser gjeld føremålsgrensa som byggegrense. Tiltak som nemnt i PBL §29-4 b samt parkeringsplasser, trappar og støttemurar kan plasserast nærmere nabogrensa enn regulerte byggegrenser. Naudsynt støyskjerding kan etablerast utanfor byggegrenser.

§ 2.2 Dokumentasjon til byggemelding

- 2.2.1 Ved innsending av bygesøknad skal det leggast ved situasjonsplan i målestokk 1:200/1:500 for kvart av felta BN1-BN5, der det vert gjort greie for bygg, avkøyrslar, snuplassar, parkering, eksisterande og framtidig terrell, eventuelle murar, trappar, gjerder, avgrensning mot tilgrensande bustad- og LNF-areal, og tilkomst for utrykkingskøyretøy.
- 2.2.2 Ved etablering av verksemder som handterer skadelege stoff for menneske og natur eller på annan måte kan representere ein risiko for omgjevnadane, skal dette

lokaliseraast vekk frå grenseområda til etablerte eller planlagde bustadområde eller anna følsam bruk.

2.2.3 Verksemder skal følje retningslinjer for støy frå offentlige styresmakter. Det skal dokumenterast støyreduserande tiltak dersom det vert kartlagt at aktivitetar bryt med retningslinene. Støygrenser i tabell 3 i T-1442 for «Øvrig industri» skal ikkje overstigast.

§ 2.3 Rekkefølge

2.3.1 Det skal utarbeidast ein VA-rammeplan som gjer greie for vass- og avlaupshøve, og overvatn, innafor planområdet. Denne skal godkjennast av VA-etaten ved Lindås kommune før det vert gjeve byggeløyve. Nye tiltak som følge av planen skal ikkje føre til endra tilhøve nedstraums for tiltaket.

2.3.2 Veg og fortau i tilgrensande plan i vest (arealplan id 1263_201207) som gjev tilkomst til f_SKV1, skal være ferdig opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve til nye tiltak i BN1-BN5.

2.3.3 Før det vert gitt ferdigattest til nye tiltak innanfor BN1-BN5, skal tilkomst frem til avkøyrsla til tomta/bygget vere opparbeida.

2.3.4 SKV6 skal vere ferdig opparbeida før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltak innanfor BN1 som hindrar dagens tilkomst til gnr. 137, bnr. 445.

2.3.5 Naudsynt avfallshandtering skal vere etablert før det vert gjeve ferdigattest til nye tiltak innanfor BN1-BN5.

2.3.6 Ureining skal handsamast etter gjeldande krav frå overordna miljømyndighet. Vert forureinande industri tillate må det takast kontakt med vedkomande fagmyndigkeit for fastlegging av rammene for industriverksem, jf. forureiningslova.

§ 2.4 Kulturminner

2.4.1 Dersom funn, gjenstandar eller konstruksjonar blir oppdaga i forbindning med gravearbeid, skal arbeidet stansast omgående og fylkeskonservator underrettast, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

§ 3 BYGG OG ANLEGG
(PBL-08 § 12-5 ledd nr 1)

§ 3.1 Næring

- 3.1.1 BN1-BN5 er areal for forretning/kontor/service, industri/verkstad og lager. Det er ikke tillat med detaljhandel innanfor BN1-BN5.
- 3.1.2 Maksimal tomteutnytting for BN1-BN5 er %-BYA = 50 %, maksimal byggehøgd er 12 meter og maksimalt tal på etasjar er 3.
- 3.1.3 Maksimum mønehøgde for næringssarealet er:
- BN1: kote +77,0
 - BN2 og BN3: kote +78,0
 - BN4 og BN5: kote +80,0
- 3.1.4 Inngjerding og planting skal ikke vere sjenerende for naboar og ålmenn ferdsel. Ubygd areal skal gjevast ei tiltalande utforming.
- 3.1.5 Parkering skal skje innanfor BN1-BN5. Det skal avsettast parkering i høve til tabellen under:
- | Formål | P-krev |
|--|--------------------------------------|
| Forretning/ko
ntor/service
(maksimalt 10
%) | 1 plass per
30m ² BRA |
| Industri/verkst
ad | 1 plass per
100m ² BRA |
| Lager | 1 plass per
300m ² BRA |
- 3.1.6 Innanfor BN1-BN5 er det tillate med funksjonar som naturlig er tilknytt næringen, for eksempel kontor tilknytt verksemda.
- 3.1.7 Innanfor BN1-BN5 er det tillate med 10% forretning/kontor/service.
- 3.1.8 Næringsbygg skal lokaliserast slik at dei gjev støyskjermande effekt mot tilgrensande busetnad.
- 3.1.9 Utstabile skjeringar skal sikrast.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
(PBL-08 § 12-5, ledd nr 2)

§ 4.1 Køyreveg

- 4.1.1 f_SKV1-f_SKV5 er felles køyreveger. Desse skal opparbeidast med fast dekke.
- 4.1.2 f_SKV1 er tilkomstveg til BN1-BN5, tilstøytande planområde og for areal utanfor planområdet som har vegrett frå tidlegare.
- f_SKV2 er tilkomstveg til BN1-BN5, for tilstøytande planområde og eideomar utanfor planområdet som har vegrett frå tidlegare.
- f_SKV3 er tilkomstveg til gnr.137, bnr. 19 og eideomar utanfor planområdet som har vegrett frå tidlegare.
- f_SKV4 er tilkomstveg til gnr.137, bnr. 19 og eideomar utanfor planområdet som har vegrett frå tidlegare.
- f_SKV5 er tilkomstveg til gnr.137, bnr. 325, 292, 474, 505 og 557.
- 4.1.3 SKV6 er tilkomstveg til gnr. 137, bnr. 445.

§ 4.2 Anna veggrunn - tekniske anlegg

- 4.2.1 Areal kan nyttast til infrastruktur.
- 4.2.2 Areal regulert til f_SVT skal driftas og vedlikehaldas som del av tilstøytande vegareal.

§ 4.3 Anna veggrunn - grøntareal

- 4.3.1 Areal kan nyttast til infrastruktur. Areala skal såast til med stadeigen vegetasjon eller gjevast anna tiltalande utforming.
- 4.3.2 Areal regulert til SVG skal driftas og vedlikehaldas som del av tilstøytande vegareal SKV6.

§ 4.4 Avkørsler

- 4.4.1 Etablerte avkørsler til eideomar utanfor planområdet blir ikke endra.

- 4.4.2 Det kan etablerast nye avkørsler internt i nærområda BN1-BN5. Utforming skal følgje krav frå vegavdelinga.
- 4.4.3 Ved eventuell framtidig veggtilkopling til Galteråsen, skal tilkomst frå Alvervegen til nærområdet stengast, med unntak av tilkomst knytt til gardsdrifta i området.

§ 5 GRØNSTRUKTUR

(PBL-08 § 12-5 ledd nr. 3)

§ 5.1 Vegetasjonsskjerm

- 5.1.1 GV er ein vegetasjonsskjerm. Vegetasjon skal behaldast i området som skjerming mot bustadareal, og det kan plantast ny vegetasjon. Støyskjerm kan etablerast innanfor GV. (Denne § er ikke endra i framlegget)

§ 6 OMSYNSSONE

(PBL § 12-6 jf. § 11-8)

§ 6.1 Sikringssone for frisiktsone ved veg

- 6.1.1 Frisiktsone skal ha fri sikt 0,5m over vegg-høgde ved tilstøytande vegar.

§ 6.2 Faresone for høgspentanlegg

- 6.2.1 Bygg og anlegg for varig opphold er ikke tillate i faresone for høgspentanlegg.

TEKNISKE TENESTER
Rådmannen
Lindås kommune